

Fusa kommunestyre har i møte 19. juni 2014 gjort fylgjande vedtak:

021/14: HØYRINGSUTTALE TIL SØKNAD OM KONSESJON FOR SMÅKRAFTVERK I KOLDALSFOSSEN

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune går imot at i denne omgang vert gjeve konsesjon for Koldalsfossen kraftverk. Den sentrale plasseringa i kommunesenteret, miljøverdiane og omsynet til dei ulike brukarinteressene i denne saka gjer at ein bør avvenda kva status området får i ny arealdel til kommuneplanen som er under arbeid.

Det må i denne saka også stillast krav om reguleringsplan eller områdeplan for å få ein heilskapleg forvaltning og utvikling av dei ressursane området har for nærmiljøet, nærings- og samfunnsutvikling.

19.06.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Gustav Folkestad, V, stilte spørsmål om han var ugild. Han er dagleg leiar i AS Sævareid Fiskeanlegg. AS Bolaks eig ca 2% av aksjene i AS Sævareid Fiskeanlegg, men det privatpersoner som både er aksjonærer i AS Bolaks og AS Sævareid Fiskeanlegg. AS Bolaks er ein smoltkunde, men det planlagte tiltaket har ingen direkte innvirkning på smoltomsetningen eller kundeforholdet mellom bedriftene.

Gustav Folkestad vart kjend inhabil i utval for plan og miljø. Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, opplyste at det i stor grad er dei same privatpersonane - eigarane i Bolaks A/S også har eigar interessar i A/S Sævareid Fiskeanlegg

Moment i vurderinga er også: Korleis vil det framstå for utanomverda/allmenta at ein er med og handsamar saka? Er det eigna til å svekka tilliten om ombodsmannen er med på å handsama saka?

Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 2. ledd. Han gjekk frå. Arild Heggland, V, var innkalla som vararepresentant og tok plass i møtet.

Gustav Folkestad, V, vart samrøystes kjend inhabil.

Arild Heggland, V, fremja følgjande forslag:

Som tilrådinga frå utval for plan og miljø, men endra 1. setning til:

”Fusa kommune ser positivt på tiltaket, men går i denne omgang i mot at det vert gjeve konsesjon for Koldalsfossen kraftverk.”

Framlegget frå Arild Heggland, V, fekk 1 røyst.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart vedteke med 19 røyster.

KOM-021/14 VEDTAK:

Fusa kommune går imot at i denne omgang vert gjeve konsesjon for Koldalsfossen kraftverk. Den sentrale plasseringa i kommunesenteret, miljøverdiane og omsynet til dei ulike brukarinteressene i denne saka gjer at ein bør avvenda kva status området får i ny arealdel til kommuneplanen som er under arbeid.

Det må i denne saka også stillast krav om reguleringsplan eller områdeplan for å få ein heilskapleg forvaltning og utvikling av dei ressursane området har for nærmiljøet, nærings- og samfunnsutvikling.

022/14: KONSESJONSSØKNAD FOR BYGGING AV MATLANDSELVA KRAFTVERK OG NORE FUSA VASSVERK

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune vil rå til at Fusa kommune og Matland kraftverk AS får konsesjon for å nytta vassfallet i Matlandselva etter Vannressurslova § 8

- om løyve til å byggja kraftverk
- å byggja Nore Fusa Vassverk
- å regulera Hafskorvatn (med 1 meter)

Energilova om løyve til å byggja og drifta kraftverk m.m.

Det skal setjast inn avbøtande tiltak for å erstatta grasvoll i inste enden av vatnet som i dag vert mykje nytta som raste- / friluftsområde

19.06.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KOM-022/14 VEDTAK:

Fusa kommune vil rå til at Fusa kommune og Matland kraftverk AS får konsesjon for å nytta vassfallet i Matlandselva etter Vannressurslova § 8

- om løyve til å byggja kraftverk
- å byggja Nore Fusa Vassverk
- å regulera Hafskorvatn (med 1 meter)

Energilova om løyve til å byggja og drifta kraftverk m.m.

Det skal setjast inn avbøtande tiltak for å erstatta grasvoll i inste enden av vatnet som i dag vert mykje nytta som raste- / friluftsområde

Eikelandssosen 11.07.2014

Terje Raunsgard

Einingsleiar